



Kommunalavdelingen

ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:
14/292-4/K1-200, K3-&13/ITE

Direkte innval:
56527028

Stad/Dato:
19.06.2014

SÆRUTSKRIFT: Lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvalssak
Heradsstyret	18.06.2014	034/14

Sakshandsamar Ingvill Tesdal	Arkiv: K1-200, K3- &13	Arkivsaknr 14/292 - 3
--	----------------------------------	---------------------------------

Sakstilfang:

Nr	T	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	Kommunalavdelingen	Høring om lov om godkjenning av låneopptak i forkant av kommunereformen
2	I	Svein Olav Agnalt	Forslag til HØRINGSUTTALELSE

Saksutgreiing:

Regjeringa har i samband med handsaming av kommunereforma i Stortinget sendt ut forlag til lovendring i kommunelova. Linken til framlegget finn ein her :
<http://www.regjeringen.no/nb/sok.html?querystring=H%C3%B8yring+av+lovframlegg+om+s+tatleg+godkjenning+av+kommunale+l%C3%A5neopptak+og+langsiktige+leigeavtalar+f%C3%B8r+iverksetjing+av+kommunereforma%C2%BB.&id=86008>

Lovendringa inneber at kommunale vedtak om låneopptak og langsiktige leigeavtalar må ha godkjenning hjå fylkesmannen før dei er gyldige.

Vurdering:

Ulvik herad har fleire store prosjekt som vil medføra låneopptak i framtida. Om dette lovforslaget vert vedteke vil det redusera kommunen sin handlingsfridom med omsyn til investeringar. Ulvik herad bør difor gje uttale om lovendringa.

Rådmannen sitt framlegg :

Heradstyret syner til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert den 14.05.2014 om «høyring om lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar for iverksetjing av kommunereforma».

Heradstyret i Ulvik støttar ikkje ei slik endring i kommunelova.

18.06.2014 Heradsstyret

Framlegg frå Heradstyret:

Ulvik Herad støttar ikkje lovframlegget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma. Dette er eit tiltak som bryt med ynskje om å styrke lokaldemokratiet.

Ulvik Herad har forståing for den spesielle situasjonen i forkant av ei omfattande kommunereform, men meiner likevel at det signaliserer liten tillit til kommunane si evne til å styra eigen økonomi på kort og lang sikt.

Røysting: Rådmannen sitt framlegg mot heradstyret sitt framlegg: 17 røyster for heradstyret sitt framlegg. Rådmannen sitt framlegg fall.

HST-034/14 SAMRØYSTES VEDTAK:

Ulvik Herad støttar ikkje lovframlegget om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma. Dette er eit tiltak som bryt med ynskje om å styrke lokaldemokratiet.

Ulvik Herad har forståing for den spesielle situasjonen i forkant av ei omfattande kommunereform, men meiner likevel at det signaliserer liten tillit til kommunane si evne til å styra eigen økonomi på kort og lang sikt.

Med helsing

Ingvill Tesdal
Økonomisjef

